



HALVÅRSRAPPORT 2023

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Halvårsrapport 2023

Med eit resultat etter skatt på 356 mill. kr for 1. halvår har Sogn og Fjordane Energi (SFE) ei kraftig resultatbetring frå 1. halvår 2022. Resultatet inkluderer ein rekneskapsmessig gevinst på 219 mill. kr frå fusjonen mellom Linja og Mørenett. Korrigert for denne gevinsten er resultatet etter skatt 137 mill. kr som er 73 mill. kr betre enn halvårsresultatet i fjar på 64 mill. kr. Stor auke i kraftprisen i prisområde NO3 frå 22,4 øre/kWh til 51,2 øre/kWh forklarer i hovudsak denne kraftige resultatbetringa. Skatteprosenten korrigert for rekneskapsmessig gevinst frå fusjonen av Linja og resultatandel tilknytta selskap er 67%. SFE si netto lånegjeld er redusert med 1.284 mill. kr til 1.920 mill. kr sidan årsskiftet fordi nettselskapet Linja har innfridd lånegjelda som selskapet hadde til SFE. Bokført eigenkapitalandel er auka frå 26,2% ved siste årskifte til 35,9% pr 30.06.23.

Konsernet

SFE-konsernet sitt hovudforretningsområde er kraftproduksjon. Fram til mars 2023 var nettselskapet Linja AS eit 100% eigd datterselskap. I mars fusjonerte Linja AS og Mørenett AS og det nye nettselskapet har fått namnet Linja AS. SFE eig 33,3% av aksjene i «nye Linja» og selskapet er no eit tilknytt selskap til SFE-konsernet. Konsernet SFE består 30.06.2023 av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde datterselskapene SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS. Datterselskapene Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS, som er eigd 56% av SFE Produksjon AS, inngår også som ein del av SFE-konsernet. Watn AS, Linja AS, Eninvest AS, Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Gloppe Energi AS, Hyfuel AS og Renantis Norway AS er tilknytta selskap til konsernet. Elbåtlader DA og Skipskraft AS er felles verksemder der SFE eig 50% og som vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS:	49,5 %
Eviny AS:	36,8 %
6 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,7 %

Rekneskapen for SFE er avlagt etter IFRS-reglane.

1. halvår 2023

Rekneskapen for 1. halvår 2023 viser eit overskot for SFE-konsernet på 356 (64) mill. kr etter skatt (tal for 1. halvår 2022 i parentes). Det er inntektsført ein rekneskapsmessig gevinst på 219 mill. kr frå datterselskapet Linja sin fusjon med Mørenett AS. Korrigert for gevinsten er resultatet 137 mill. kr.

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 51,2 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjar 22,4 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 891 GWh (948 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er auka frå 250 mill. kr i 1. halvår i fjar til 530 mill. kr i år. Den store auken i områdepris i NO3 er grunnen til dette.

Magasinbeholdninga 30.06.23 er 521 GWh. Dette er ein reduksjon på 50 GWh frå nivået 31.12.22. Til samanlikning hadde vi ein magasinauke 1. halvår 2022 på 174 GWh til 710 GWh. Tilsiga til magasina våre 1. halvår var 281 GWh lågare enn same periode i fjar.

Også 1. halvår 2023 har vore prega av svært store skilnader mellom kraftprisane i Noreg. Prisen i prisområdet NO3 (Vestland fylke nord for Sognefjorden, Møre og Romsdal og Trøndelag) har vore langt lågare enn øvrige prisområder i Sør Norge. Gjennomsnittsprisen i NO3 på 51,2 øre/kWh er halvparten av gjennomsnittsprisen i NO5 (Vestland fylke sør for Sognefjorden og litt av Rogaland) på 103,0 øre/kWh. NO1 (mesteparten av Austlandet) hadde ein gjennomsnittspris på 102,8 øre/kWh medan NO2 (Sørlandet, Rogaland og deler av Vestland og Austlandet) hadde ein gjennomsnittspris på 107,0 øre/kWh. Gjennomsnittsprisen i NO4 (Nord Norge) var 35,1 øre/kWh. Systemprisen (felles referansepris for børsområdet) i 1. halvår var 79,1 øre/kWh. Av SFE sin produksjon i 1. halvår var 797 GWh i NO3 og 94 GWh i NO5. SFE har kraftverka Mel, Østerbø og Sværen i NO5 medan resten er i NO3.

HMS

SFE (inkludert Linja i perioden 01.07.22 til 28.02.23) har eit sjukefråvær på 4,9% siste 12 månadar pr. 01.07.2023. Dette er ein liten auke i høve til 1. halvår i fjar då sjukefråværet var 4,6%. Også for gjenværande del av SFE (utan Linja) har sjukefråværet i perioden 01.07.22-30.06.23 vore 4,9%. Sjukefråværet er høgare enn det det historisk har vore i SFE. Grunnane til dette er samansett og sjukefråværet vert følgt tett opp.

HMS-visjonen til SFE er «Like heil – både inni og utanpå». Hovudfokuset vårt er HMS-kulturen i verksemda, der leiing og åtferd er sentralt for å oppnå langsiktige resultat. Kvar tilsett må bidra for å sikre ein trygg kvardag ved si åtferd og handling. Leiarane må vise veg ved å vere tydelege på kor vi skal og gjere det vi seier, samt vere den gode rollemodellen som set HMS på agendaen. Alle leiarar skal avgj «HMS Løftet» der vi mellom anna legg til grunn at alle skader kan unngåast. SFE har også fokus på å skape

eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, mellom anna gjennom haldningskampanjen «vi går ikkje forbi».

Siste 12 månadar har vi hatt 4 skader med fråvær og 2 skader utan fråvær. Den eine skaden medfører langvarig sjukefråvær. Skadane med fråvær er knytt til stillasbygging, boring i mur, steinrydding og fall i terrenget. Ingen av skadane har samanheng med manglande etterlevelse av rutiner. Alle hendingane er gjennomgått og ei av hendingane har medført endra rutiner.

HMS er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid som skjer i organisasjonen og gjennom HMS-prosjektet «Like Heil». For H2 (tal skader med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timer) er måltalet 4,8. For siste 12 mnd periode har vi ein H2 verdi på 19,5. Dette er vesentleg høgare enn målsettinga. Det langvarige og målretta arbeidet med å redusere skadetala vil fortsette med uforminska fokus.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 1.422 (1.276) mill. kr. Driftsresultatet vart 387 (168) mill. kr. Resultatet før skatt er 581 (133) mill. kr. På grunn av rekneskapsmessig gevinst på 219 mill. kr frå fusjonen mellom Linja og Mørenett har SFE positiv finansinntekt i halvåret på 194 mill. kr medan netto finanskostnader 1. halvår 2022 var 34 mill. kr. Korrigert for gevinsten frå Linja er netto finanskostnader på 25 mill. kr ein reduksjon på 9 mill. kr frå fjoråret. Hovudgrunnen til reduserte finanskostnader er redusert lånegjeld pga Linja sin utgong frå SFE-konsernet. Resultatet etter skatt er på 356 (64) mill. kr. Skatteprosenten korrigert for rekneskapsmessig gevinst frå fusjonen av Linja og resultatandel tilknytta selskap er 67%. Det er i 1. halvår belasta 75 (32) mill. kr i overskotsskatt og 150 (38) mill. kr i grunnrenteskatt.

Nettselskapet Linja er eit tilknytt selskap til SFE-konsernet frå 1. mars 2023. SFE har også langsiktige eigarskap i fiberselskapet Eninvest og kraftomsettingsselskapet Wattn i tillegg til minoritetseigarskap i nokre mindre kraftprodusentar. Alle desse eigarskapa er industrielle og langsiktige. Investeringa i Linja representerer det største og viktigaste eigarskapet. Når Linja vart tilknytt selskap har vi funne det rett å omklassifisere resultatandalar frå tilknytte selskap frå finanspost til driftspost. Netto inntekt frå investering i TS er 26 mill. kr, ein auke frå 7 mill. kr i fjor. Resultatandelen frå Linja er positiv med 32 mill. kr.

I aksjonæravtalen til Linja er utbytte frå selskapet regulert. Linja skal vere eit Investment Grade selskap. Under føresetnad av kredittvurdering tilsvarande BBB/BBB+ skal det utdelast eit årleg utbytte på minimum 50% av årsresultatet etter skatt.

Driftsaktivitetar viser ein kontantstraum på 112 (258) mill. kr i 1. halvår. Linja sin utgong frå konsernet påverkar kontantstraumane sterkt. Det er betalt ut 73 (192) mill. kr i kjøp og tilvirking av fysiske driftsmiddel innan kraftproduksjon i 1. halvår. Oppstart på hovudrevisjon av Svelgen 4 og rehabilitering av dam Hjelmevatn i Svelgen 2 er viktige tiltak i perioden. I tillegg er ei rekke mindre revisjonar og rehabilitering starta opp eller sluttført i halvåret. SFE har dei siste åra investert vesentlege beløp i forsterking og utviding av linjenettet for å sikre leveringstryggleik og netttilgang til ny kraftproduksjon. Når Linja ikkje lenger er eit konsernselskap er dette tiltak som det fusionerte nettselskapet vil gjennomføre og finansiere på sjølvstendig basis framover. Totalt er SFE tilført 1.280 mill. kr gjennom investeringsaktivitetar. Den største innbetalinga er Linja si innfriing av lån på 1.387 mill. kr. Det er negativ kontantstraum på 902 mill. kr knytt til finansieringsaktivitet. 814 mill. kr av dette er nedbetaling av langsiktig og kortsiktig gjeld.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.23 er på 8.812 mill. kr. Dette er ein reduksjon frå 11.097 31.12.22. Hovudgrunnen til denne reduksjonen er nettselskapet Linja sin utgong frå konsernet. Nettanlegga til Linja er derfor i balansen erstatta med verdien av aksjane som SFE eig i selskapet Linja AS 30.06.23. Konsernet har omløpsmiddel på 1.844 mill. kr og 6.968 mill. kr i anleggsmiddel.

Renteberande gjeld er 3.271 mill. kr, ein reduksjon på 589 mill. kr frå 3.860 mill. kr for eit år sidan. Samstundes har konsernet ei likviditetsbeholdning i form av bankinnskot på 1.351 mill. kr, som er ein auke på 1.078 mill. kr frå 30.06.22. I tillegg har SFE unytta trekkrettar på 800 mill. kr. Grunnen til den store auken i likviditetsbeholdning er Linja sin utgong frå konsernet. I samband med denne innfridde Linja lånegjeld på 1.386 mill. kr til SFE. SFE si netto lånegjeld er derfor redusert frå 3.587 mill. kr 30.06.22 til 1.920 ved dette halvårsskiftet.

Eigenkapitalen pr 30.06.23 er 3.167 mill. kr, det tilsvarar ein bokført eigenkapitalandel på 35,9%. Dette er ein auke frå 27,1% 30.06.22 og 26,2% pr 31.12.22.

Framtidsutsikter

SFE produserte 2.274 GWh i 2022. Det er venta at årsproduksjonen for 2023 vert på same nivå eller litt lågare, men tilsiget utover hausten vil ha stor betydning. Forventa kraftpris i NO3 for 2. halvår er om lag på same nivå som gjennomsnittsprisen i 1. halvår på 51,2 øre/kWh. Forventa kraftpris for NO5 i 2. halvår er noko lågare enn prisen i 1. halvår på 103 øre/kWh. Ein liten auka i produksjonen i 2. halvår gjer at forventa kraftinntekt for 2. halvår er på nivå med 1. halvår eller noko høgare. Hensynteke inntektsført gevinst frå Linja-fusjonen ventar derfor SFE eit resultat for året 2023 som er

vesentleg betre enn resultatet for 2022 på 205 mill. kr. Vi må likevel understreke at resultatet for 2023 vil bli sterkt påverka av utviklinga i kraftprisane for NO3 og NO5 i 2. halvår. Rekneskapsmessig resultat kan også bli påverka av Stortinget sine vedtak 2. halvår 2023 om framtidig skattlegging av vindkraftproduksjon.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 30. august 2023

Sigurd Reksnes
-styreleiar-

Silje Skaar Sunde
-nestleiar-

Sindre Kvalheim
-styremedlem-

Olin Johanne Henden
-styremedlem-

Arvid Andenæs
-styremedlem-

Jan Helge Dale
-styremedlem-

Ragnhild Gundersen
-styremedlem-

Mons Solheim
-styremedlem-

Kevin Denton
-styremedlem-

Johannes Rauboti
-konsernsjef-

RESULTATREKNESKAP

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Tal etter International Financial Reporting Standards (IFRS)

Beløp i 1000 kr	1. halvår 2023	1. halvår 2022	Årsrekneskap 2022
Driftsinntekter:			
Sal av kraft	1 299 868	949 000	3 040 667
Sal av overføringstenester	57 934	297 641	500 191
Inntekt på investering i TS	25 765	6 751	3 977
Andre driftsinntekter	38 680	22 604	88 898
SUM DRIFTSINNTEKTER	1 422 247	1 275 995	3 633 732
Driftskostnader:			
Kjøp av kraft	769 668	698 851	1 689 506
Kjøp av overføringstenester	27 509	105 975	177 088
Løn og sosiale kostnader	67 506	91 999	222 587
Avskrivningar	71 848	92 105	194 416
Nedskrivningar	145	207	-6 201
Eigedomsskatt/avgifter	31 693	35 322	69 001
Andre driftskostnader	67 180	83 950	207 801
SUM DRIFTSKOSTNADER	1 035 548	1 108 409	2 554 198
DRIFTSRESULTAT	386 698	167 586	1 079 534
Finansielle postar:			
Finansinntekter	288 633	17 573	68 706
Finanskostnader	94 533	51 825	135 729
NETTO FINANSKOSTNADER	-194 100	34 252	67 023
RESULTAT FØR SKATT	580 799	133 334	1 012 511
Overskotsskatt	75 192	31 860	230 438
Grunnrenteskatt	149 855	37 910	577 212
RESULTAT ETTER SKATT	355 752	63 565	204 861
Av dette minoritetsandel	18 015	1 335	22 493
Av dette SFE sin andel	337 736	62 230	182 369
Resultat pr. aksje (i heile kroner)	43	8	23

UTVIDA RESULTAT

	1. halvår 2023	1. halvår 2022	Årsrekneskap 2022
Ordinært resultat etter skatt	355 752	63 565	204 861
<u>Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:</u>			
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt	107 669	-172 541	-168 934
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-42 343	-11 076	-3 844
Kontantstraumsikring valutalån etter skatt	-15 566	-8 417	-23 552
<u>Postar som seinare ikke kan reklassifiserast til resultat:</u>			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	6 651	17 347	-17 826
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	412 163	-111 122	-9 295
Av dette minoritetsandel	20 024	719	18 436
Av dette SFE sin andel	392 139	-111 841	-27 730

BALANSE 30.06.2023

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr	30.06.23	30.06.22	31.12.22
EIGEDELAR			
Fallrett	1 939 150	1 940 092	1 940 390
Øvrige immaterielle egedelar	685 911	688 865	687 418
Varige driftsmiddel	2 849 962	5 318 471	5 418 966
Investering i tilknytta selskap	1 156 912	369 016	367 724
Øvrige finansielle anleggsmiddel	176 740	207 570	187 762
Derivat	158 924	402 129	264 570
Anleggsmiddel	6 967 599	8 926 143	8 866 829
Varelager	0	47 182	20 080
Fordringar	405 464	326 406	832 669
Derivat	87 356	900 334	517 019
Kontanter og bankinnskot	1 351 378	273 134	860 740
Omløpsmiddel	1 844 198	1 547 056	2 230 509
SUM EIGEDELAR	8 811 798	10 473 198	11 097 338
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital	1 014 691	1 014 691	1 014 691
Opptent eigenkapital	1 574 860	1 225 005	1 307 313
Minoritetsinteresser	577 890	594 525	590 866
Eigenkapital	3 167 441	2 834 221	2 912 870
Pensjonsforplikting	16 891	32 462	45 270
Utsett skatt	1 087 324	880 748	1 202 422
Andre forpliktingar	358 035	835 782	792 519
Rentebærande langsiktig gjeld	2 543 862	3 232 427	2 937 525
Derivat	111 051	286 830	106 551
Langsiktig gjeld	4 117 163	5 268 249	5 084 288
Rentebærande kortsiktig gjeld	727 238	627 238	1 127 238
Avsett utbytte	124 941	0	0
Betalbar skatt	313 583	198 579	455 128
Anna rentefri gjeld	289 700	919 552	1 194 394
Derivat	71 732	625 359	323 419
Kortsiktig gjeld	1 527 194	2 370 728	3 100 180
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	8 811 798	10 473 198	11 097 338

OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE – KONSERN

Beløp i 1000 kr

	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontantstraum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2022	1 014 691	1 352 217	281	1 352 496	593 806	2 960 993
Årets resultat		182 369		182 369	22 493	204 861
Utbetalt utbytte i 2022				0	-22 000	-22 000
Andre endringar av eigenkapital		-16 829		-16 829		-16 829
Estimatavvik pensjoner		-17 826		-17 826		-17 826
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			-165 501	-165 501	-3 433	-168 934
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-3 844	-3 844		-3 844
Kontantstraumsikring valutalån			-23 552	-23 552		-23 552
Eigenkapital 31.12.2022	1 014 691	1 499 931	-192 615	1 307 313	590 866	2 912 870
Årets resultat		337 736		337 736	18 015	355 752
Andre endringar av eigenkapital		350		350		350
Vedteke utbytte i 2023		-124 941		-124 941	-33 000	-157 941
Estimatavvik pensjoner		6 651		6 651		6 651
Kontantstraumsikring kraftkontrakter			105 660	105 660	2 009	107 669
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-42 343	-42 343		-42 343
Kontantstraumsikring valutalån			-15 566	-15 566		-15 566
Eigenkapital 30.06.2023	1 014 691	1 719 725	-144 864	1 574 860	577 890	3 167 441

KONTANTSTRAUMANALYSE

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr

Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:	30.06.2023	30.06.2022	31.12.2022
Ordinært resultat før skattekostnad	580 799	133 334	1 012 511
Betalte skattar i perioden	-363 062	-25 097	-140 356
Avskrivingar	71 848	92 105	194 416
Nedskrivingar	145	207	-6 201
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-218 848	0	176
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt	-25 765	-6 751	-3 977
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	-533	-7 538	0
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	-9 483	-74 482	-165 647
Endring i varelager	-203	2 233	4 782
Endring i kundefordringar	347 168	239 787	-183 860
Endring i leverandørgjeld	-210 781	-101 634	95 021
Endring i pensjonsforpliktingar	-176	127	-36 649
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-58 947	5 321	140 304
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	112 161	257 610	910 520

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:

Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-72 764	-192 347	-390 413
Utbetalingar av forskot på investeringar i varige driftsmiddel	0	0	-5 349
Utbetaling ved auke av langsiktig fordring	-4 423	0	0
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	0	0	3 942
Innbetaling ved reduksjon av langsiktig fordring	0	1 498	906
Innbetaling frå utlån	1 386 500	0	0
Utbetalingar ved kjøp i aksjar og andelar i andre foretak	0	0	-2 100
Utbetaling ved utlån	0	-26 440	-1 700
Kontanteffekt avgang datter	-74 694	0	0
Innbetaling av utbytte	29 724	5 765	5 675
Innbetalte renter	15 886	6 471	0
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	1 280 228	-205 054	-389 039

Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar:

Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	0	500 000
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-313 619	-13 619	-327 238
Utbetaling ved reduksjon av kortstiktig gjeld	-500 000	0	0
Utbetalte renter	-55 132	-49 460	-95 159
Utbetaling av utbytte	-33 000	0	-22000
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-901 751	-63 079	55 603

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	490 639	-10 523	577 083
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	860 740	283 657	283 657
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	1 351 378	273 134	860 740



Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2023

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2023 er avslutta pr. 30.06.2023 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapen omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytta selskap. Halvårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedteke i selskapet sitt styre 30.august 2023. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapen.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapen gir ikke informasjon i same omfang som årsrekneskapen og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2022.

Note 2 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapen vert avgjort etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegment i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene.

Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56% av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av aksjane i Svelgen Kraft AS.

Energi omfattar forvalting av konsernet sin samla produksjonsportefølje frå heileigde og deleigde kraftverk med fysisk og finansiell krafthandel. Segmentet omfattar forvalting av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opphavsgarantiar og elsertifikat.

Segmentet Nettverksemd si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft.

Segmentet består av det 100% eigde datterselskapet Linja AS fram til 01.03.23. Linja AS vart fusjonert med Mørenett AS i mars 2023. Det fusjonerte nettselskapet har fått namnet Linja AS og SFE eig 33,3% av dette selskapet. Frå 01.03.23 er derfor eigarskapet i Linja AS inkludert i segmentet Eigarskap og Fiber.

Segmentet Eigarskap og Fiber inkluderer morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS som i tillegg til å vere morselskap for datterselskapet SFE Produksjon også er eigar av aksjar i dei tilknytta selskapa Enivest AS, Wattn AS og Linja AS. Etter fusjonen av Linja og Mørenett vart fiberdelen av Linja verande igjen i SFE i selskapet SFE Fiber AS. Dette selskapet er frå 01.03.23 også inkludert i Segmentet Eigarskap og Fiber. Segmentet inkluderer også selskapa Elbåtlader DA og Skipskraft AS som er felles verksemd der SFE eig 50% og som vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden .

Segmentresultat 30.06.2023

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemrd	Eigarskap og Fiber	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	1 340	86	45	-49	1 422
Driftsresultat	365	2	20	0	387
Resultat etter skatt	147	-7	216	0	356

Egedelar og gjeld pr.segment 30.06.2023

(Beløp i MNOK)	Energi	Eigarskap og Fiber	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	5 396	79	5 475
Øvrige anleggsmiddel	291	1 202	1 493
Anleggsmiddel	5 686	1 281	6 968
Omløpsmiddel	563	1 281	1 844
Sum egedelar	6 250	2 562	8 812
Eigenkapital	2 167	1 001	3 167
Langsiktig gjeld	2 696	1 421	4 117
Kortsiktig gjeld	1 387	140	1 527
Sum gjeld og eigenkapital	6 250	2 562	8 812

Segmentresultat 30.06.2022

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemrd	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	1 118	331	34	-213	1 269
Driftsresultat	104	61	-4	0	161
Resultat etter skatt	21	36	7	0	64

Egedelar og gjeld pr.segment 30.06.2022

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemrd	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	5 368	2 520	60	7 947
Øvrige anleggsmiddel	564	152	262	1 147
Anleggsmiddel	5 931	2 672	323	8 926
Omløpsmiddel	1 359	90	98	1 547
Sum egedelar	7 291	2 762	420	10 473
Eigenkapital	1 702	822	310	2 834
Langsiktig gjeld	3 389	1 855	24	5 268
Kortsiktig gjeld	2 199	85	86	2 370
Sum gjeld og eigenkapital	7 291	2 762	420	10 473

Segmentresultat 31.12.2022

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemد	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	3 154	625	61	-210	3 630
Driftsresultat	1 039	50	-13	0	1 075
Resultat etter skatt	186	14	5	0	205

Eigedelar og gjeld pr. segment 31.12.2022

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemد	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 375	2 612	59	8 046
Øvrige anleggsmiddel	401	151	269	821
Anleggsmiddel	5 776	2 763	328	8 867
Omløpsmiddel	1 495	132	603	2 230
Sum eigedelar	7 271	2 895	931	11 097
Eigenkapital	1 852	820	241	2 913
Langsiktig gjeld	4 532	536	16	5 084
Kortsiktig gjeld	887	1 539	674	3 100
Sum gjeld og eigenkapital	7 271	2 895	931	11 097

Note 3 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

Kraftderivat som sikrar inntekta frå kraftproduksjon er sikringsbokført som kontantstraumsikring.

Tabellen under spesifiserar korleis urealiserte verdiendringar påverkar konsernet sitt resultat og utvida resultatet.

Resultateffekt av urealiserte verdiendringar (mill kr)	30.06.2023			30.06.2022			2022		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Kraftkontrakter sikringsformål	197	-197	-	-213	223	10	-	-237	-237
Kraftkontrakter trading	9	-	9	-1	-	-1	3	-1	1
Valutakontrakter sikringsformål	0	-3	-3	0	4	4	0	7	7
Energisal	0	1 294	1 294	0	935	935	0	3 270	3 270
Sum inntekter frå energisal	206	1 094	1 300	-213	1 162	949	3	3 038	3 041
Sum finansinntekter	-	289	289	-	18	18	-	69	69
Sum finanskostnader	0	-95	-95	0	-52	-52	-	-136	-136
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat før skatt	206			-213			3		
Skatteeffekt av urealiserte verdiendringar	-45			47			-1		
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat etter skatt	161			-167			2		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat (etter skatt)									
Kontantstraumsikring kraftavtaler	108			-173			-169		
Kontantstraumsikring valutaterminar	-42			-11			-4		
Kontantstraumsikring EUR-lån	-16			-8			-24		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat etter skatt	50			-192			-196		

Valutaterminkontrakter som sikrar valutakursen på kraftinntekter i EUR blir sikringsbokført som kontantstraumsikring.

SFE nyttar også lån i EUR som sikringsinstrument i kontantstraumsikring av kraftinntekter i EUR. Vi har pr. 30.06.23 ingen renteswapar som blir sikringsbokført.

Note 4 Aktivitet i SFE sine børsnoterte obligasjonslån i første halvår 2023

SFE har i første halvår 2023 innfridd eit obligasjonslån pålydande MNOK 300. Det har ikkje vore andre endringar i SFE si obligasjonsgjeld.

Note 5 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risikoar gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle, operasjonelle risikoar og risikoar knytt til data, nettverk og system. Døme på operasjonelle risikoar er skade på egedelar som til dømes kraftverk. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på egedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flaum eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risikoar som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikoforholda.

Cyberangrep er eit samfunnsproblem og blir stadig meir omfattande og rettast mot aktørar i ulike bransjar og sektorar. Vi jobbar kontinuerleg med å vurdere risiko for cyberangrep, tap av data og uautorisert tilgong til våre system. Dette inkluderer å beskytte data og system, fokus på bevisstgjering av tilsette og tiltak for å oppdage eventuelle forsøk på angrep.

Den norske kraftmarknaden har i løpet av dei siste åra blitt ein delt marknad. Spotprisane i Nord-Norge (NO4) og Midt-Norge (NO3) har vore vesentleg lågare i første halvår, med hhv. 35 og 51 øre/kWh, medan spotprisane i dei sørlege delane av Norge i gjennomsnitt har blitt levert til mellom 103 og 107 øre/kWh. Grunnen til denne forskjellen er manglande overføringskapasitet mellom dei nordlege delane av Skandinavia til sør i Skandinavia. På grunn av låge tilsig sør i Skandinavia gjennom 2022 medan det var relativt vått i nord og ekstreme kraftprisar i Europa på grunn av følgende av krigen i Ukraina har skilnadane i kraftpris mellom prisområda vore svært stor.

Status for energisituasjonen no er at magasinfyllinga i sør er over normalt mens magasinfyllinga i NO3 og NO4 er noko under normalen. Mellom anna på grunn av dette og høg fyllingsgrad i gasslagra i Europa er det ikkje venta like ekstreme prisar i Sør-Norge komande vinter som vi opplevde dei to føregåande.

For ytterlegare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til notane i årsrekneskapen for 2022.

Note 6 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE sine pensjonsplanar omfattar både ytelsesplan og innskotsplanar. Ytelsesplan i sikra ordning SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar.

SFE og datterselskapa har ei offentleg, kollektiv pensjonsordning i BKK pensjonskasse som er lukka. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarende offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsyting basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder. Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon.

Følgande føresetnader er brukt i berekningane:	30.06.23	31.12.22
Årleg avkasting	3,60%	3,30%
Diskonteringsrente	3,60%	3,30%
Årleg lønnsvekst	3,75%	3,75%
Årleg vekst G-beløp	3,50%	3,50%
Regulering av løpende pensjonar	2,75%	2,75%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader ved dødelighet og uførhet	K2013BE/K63	K2013BE/K63

For ytterlegare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 14 Pensjon i årsrekneskapen for 2022.

Note 7 Driftsinntekter

30.06.23 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemnd	Eigarskap og Fiber	Eliminering	Sum
Sal av kraft	1 319	0	0	-19	1 300
Sal av overføringstenester	0	63	0	-5	58
Inntekt på investering i TS	0	0	26	0	26
Andre driftsinntekter	21	24	19	-25	39
Sum driftsinntekter	1 340	86	45	-49	1 422

30.06.22 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemnd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft	1 073	3	0	-127	949
Sal av overføringstenester	0	315	0	-17	298
Andre driftsinntekter	45	13	34	-69	23
Sum driftsinntekter	1 118	331	33	-213	1 269

Note 8 Avsetting for forpliktingar

Beløp i tusen kroner	30.06.2023	30.06.2022
Vesentlege tapskontrakter ¹⁾	47 919	43 100
Finansielle forpliktingar ¹⁾	151 125	133 824
Utsett inntekt anleggstilskot frå kundar	0	341 187
Gjeld knytt til forvaltning kraftderivat på vegne av eksterne	124 373	271 626
Andre avsetninger ²⁾	34 618	46 045
Bokført verdi 30.06/31.12	358 035	835 782

¹⁾ Tapskontrakter knytt til ikkje utbygde fallrettar og fallrettsavtaler med finansielt oppgjer

²⁾ Forpliktning knytt til finansielle leigeavtaler og fjerningsforpliktelser

Avstemming av bevegelsar gjennom året	30.06.2023	30.06.2022
Beløp i tusen kroner		
Bokført verdi 01.01	792 519	564 542
Tilgang i løpet av året	0	274 409
Avsetninger brukt/reversert i løpet av året	-434 484	-3 169
Bokført verdi 31.12	358 035	835 782

For ytterlegare informasjon om avsetting for forpliktingar viser vi til note 27 Avsettingar for forpliktingar i årsrekneskapen for 2022.

Note 9 Anna informasjon

Omklassifisering av resultat frå investering i TS

Nettselskapet Linja er eit tilknytt selskap til SFE-konsernet frå 1. mars 2023. SFE har også langsigte eigarskap i fiberselskapet Enivest og kraftomsettingsselskapet Wattn i tillegg til minoritetseigarskap i nokre mindre kraftprodusentar. Alle desse eigarskapa er industrielle og langsigte. Investeringa i Linja representerer det største og viktigaste eigarskapet. Når Linja vart tilknytt selskap har vi funne det rett å omklassifisere resultatandelar frå tilknytte selskap frå finanspost til driftspost. Samanlikningstal for 2022 er også omarbeid.

Fusjon mellom Enivest og SFE Fiber

7. juli fatta generalforsamlingane i Enivest AS og SFE Fiber AS vedtak om fusjon av dei to selskapa med Enivest som overtakande selskap. Det er venta at gjennomføring av fusjonen vil bli meldt etter utløpet av kreditorfristen 26. september 2023.



ERKLÆRING FRÅ STYRET OG KONSERNSJEF

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2023 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2023 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som føl av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eidegar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2023 gir ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 30.08.2023

Sigurd Reksnes

- styreleiar -

Silje Skaar Sunde

- nestleiar -

Arvid Andenæs

Jan Helge Dale

Sindre Kvalheim

Olin Johanne Henden

Ragnhild Gundersen

Kevin Denton

Mons Solheim

Johannes Rauboti

- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Fråsegn om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskap

Innleiing

Vi har gjennomført ein forenkla revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi pr. 30. juni 2023 og tilhøyrande resultatrekneskap og oppstilling over endring i eigenkapital og kontantstrømoppstilling for seksmånedersperioden som blei avslutta per denne datoен, medrekna eit samandrag av rekneskapsprinsipp og tilhøyrande notar. Leiinga er ansvarleg for utarbeidning og fremstilling av delårsreknskapet i samsvar med IAS 34. Vår oppgave er å gje ei fråsegn om delårsrekneskapet basert på vår forenkla revisorkontroll.

Omfanget av den forenkla revisorkontrollen

Vi har gjennomført vår forenkla revisorkontroll i samsvar med internasjonal standard for forenkla revisorkontroll 2410 "Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor". Ein forenkla revisorkontroll består i å rette forespurnader, primært til personar med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlingar. Ein forenkla revisorkontroll har eit betydelig mindre omfang enn ein revisjon utført i samsvar med International Standards on Auditing, og gjer oss følgeleg ikkje i stand til å oppnå sikkerheit for at vi er blitt oppmerksame på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekkja i en revisjon. Vi gjev derfor ikkje ei fråsegn om revisjon på dette reknekskapet.

Konklusjon

Vi har ved vår forenkla revisorkontroll ikkje blitt oppmerksame på noko som gir oss grunn til å tru at det vedlagte delårsrekneskapet i det alt vesentlige ikkje er utarbeida i samsvar med IAS 34.

Sandane, 30. august 2023

ERNST & YOUNG AS

Signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor